

FAU-møte

Sted: Innbyggertorget

Dato: 16.02.26

Tilstede: Hanne Ruud Mjølunes, Ingvild Sevheim, Gøril Ekeland, Jan Tore Handeland, Øyvind Eggebø, Agata Klawikowska, Bjarne Ydstebø, Christian Eikeland (teams)

Referent: Bjarne Ydstebø

<p>SAK 1</p> <p>Samanslåing av 3. klasse. Mangel på informasjon.</p> <p>Foreldrearrangement på dagtid</p> <p>Mobilbruk på skulen</p> <p>Stimulere til aukt fysisk aktivitet</p>	<p>Misnøye med samanslåing av klassane. Frustrasjon blant foreldrene med manglande informasjon frå skulen om dette. Skulen kommuniserer at dette har gått fint, men det er ikkje inntrykket blant mange av foreldrene. Skulen meiner at samanslåingen må gjerast pga mangel på vikarar og ein vanskeleg økonomisk situasjon. Foreldregruppa har forståelse for ein evt økonomisk situasjon, men det skaper frustrasjon med manglande informasjon frå skulen om situasjonen. Satt på spissen: Foreldre vil ha informasjon frå skulen, ikkje via Øyposten og media ellers. Skulen bør spele på lag med heimane og vere i forkant, ellers blir det fort misnøye og frustrasjon. FAU er bekymra for at forholda går ut over særleg dei sårbare elevane. Konklusjon: foreldrene vil ha tydeleg informasjon frå skulen når klassane og elevane blir berørte!</p> <p>Foreldrearrangement på dagtid: Mange opplever det som krevjande. Mange har to foreldre som er i full jobb. Går det an å løyse dette på ein anna måte? Det er delte meiningar om at det legges opp til arrangement på dagtid midt i arbeidstida. Ønskeleg at det tas opp i SU for samtale og evaluering. Kanskje det kan vere eit punkt i foreldreundersøkelsen?</p> <p>Ulik praksis på skulen. Er det felles reglar for dette? Ønsker at SU tar dette opp. Saknar meir tydeleg fokus på dette og at dette kommuniseres ut til heimane. Lærerar kan ikkje gå rundt og leite og samle inn mobilar heile tida.</p> <p>Ballbingen står ledig mens elevar ønsker bruke den. Går det an å gjere noko med dette? Viktig med aktiviteter som innbyr til fysisk aktivitet, det bidrar til aukt trivsel og forebygger utanforskap. Oppfordre elevane til å diskutere gode løysningar på bruk av ballbingen i til dømes elevrådet.</p>
<p>SAK 2</p>	<p>Språkbruk. Sosiale medier. Den digitale verda.</p>

<p>Foreslag til foreldremøte våren 2026</p>	<p>Foreldreutvalget (samtaleduker)  Chatgrupper og utanforskap. Klassemiljø.  Det skal vere eit foreldremøte i mars saman med uteseksjonen der temaet skal vere blant anna utanforskap og til dels klassemiljø. Kanskje dette møtet kan vere noko vi kan bygge på.  Jobbe vidare med klassemiljø.</p>
<p>SAK 3  Påskelunsj til ansatte</p>	<p>Positivt for lærerane og miljøet.  Litt blanda haldning til det innad i FAU, mest på korleis vi skal organisere det mtp ressurser.  Legge inn påskelunsj i årshjul / lista over dugnad ved starten av året, slik at klassekontaktane kan organisere dette.  2026: Barneskolen maten, mellomtrinnet servere.  Veke 13. Finne ut kva dato som passer best.</p>
<p>SAK 4  Ymse  KOM-prosjekt  Plan for trygt og godt skulemiljø  Påmelding til julegudstjeneste</p>	<p>7. trinn: Kritisk til at KOM-prosjektet forsvinner.  Fleire påpeiker at det er synd at dette prosjektet utgår pga økonomi. Det er ein god ressurs når det gjeld forebygging av mobbing.  7. trinn: Kritisk til plan for trygt og god skulemiljø. Mykje klipp og lim frå utdaterte planar. Ønsker at skulen skal prioritere dette og lage plan. Foreldre sterkt kritisk til korleis skulen handterer mobbing.  Foreldre på 6. trinn syns det var tungvint å melde seg på. Det er færre som melder seg av, så det burde vore enklare å melde av. Men er det retningslinjene frå øverste hald at det skal vere slik?  SU kan drøfte dette.</p>
<p>SAK 5  Saker til SU</p>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. FAU ønsker at referater frå møter blir lagt ut på Minskole.</li> <li>2. Taushetsplikterklæringen er ikkje sendt til foreldrene med verv.</li> <li>3. Planer om samanslåing av klassane.</li> </ol>
<p>NESTE MØTE  FØR 02.06</p>	<p>Mandag 18.05 kl.19.00</p>